

Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker: 18923b56-f498-420a-85cf-  
606f1ea27028  
Vår: 22/6483 - 22/71462

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
16.09.2022

## Uttale legalisering driftsbygning - gbnr 116/15 Lauvås

**Tiltak:** Bygning for sagbruk  
**Byggjestad:** Gbnr: 116/15  
**Tiltakshavar:** Ottar Atle Lauvås  
**Ansvarleg søker:** Feleti Ita Group As

Saka gjeld søknad om løyve til legalisering av oppført driftsbygg for sagbruk. Driftsbygningen er opplyst til å vere 190 m<sup>2</sup> BYA.

Tiltaket er nabovarsla, og det er motteke ein merknad.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Lindås 20019- 2031 er definert som næringsområde (BN1).

For område BN1 er det set følgjande krav i KDP føresegn 3.1.5 c)

#### c) Særskilte område utan plankrav

Tabell 4 Særskilte næringsområde utan plankrav

Plankart ID	Område	Areal i daa (ca.)	Særskilte krav til området
BN1	Grønnevika	6,7	Ved søknad om tiltak skal det vere utarbeidd ein VA-plan som på førehand er godkjent av kommunen. Tiltak/aktivitetar som kan forureine drikkevasskjelda er ikkje tillatt.

## VURDERING

### Veglova

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er søkt om dispensasjon frå veglova § 29 for oppføring av bygg nærmare enn 50 meter frå fylkesveg.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3)

**Uttale:**

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale i samband med søknad om legalisering av oppført driftsbygning/sagbruk.

I KDP føresegns 3.1.5 c) er det, for BN1 – Grønnevika, sett krav om utarbeidning av ei VA-plan som skal være godkjent av kommunen når ein søker om løyve til tiltak. Etter det vi forstår av bygesak sin førespurnad, er det ikkje utarbeida slik plan. Det bør sendast inn VA-plan for godkjenning for næringsområde (BN1) ihht føresegns i kommuneplanen sin arealdel 2019-2031.

I søknad om løyve til tiltak har ansvarleg søker opplyst om at eigedom har kommunalt vatn og avløp. Vi gjer merksam på at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning ikkje har kommunal avløpsleidning i området.

Eigedomane i området har private avløpsanlegg.

I det aktuelle området er noen få eigedomer knytt på kommunalt vatn via felles privat leidningsnett som går i sjø fram til kommunal kum i Lauvåsvika.

Etter det vi kan sjå har eigedom, som det nå søkes om legalisering for, ikkje godkjent tilknyting til kommunalt vatn.

Dersom dette ikkje stemmar, må tiltakshavar dokumentere dette.

Skal tiltakshavar knytte eigedom på kommunalt vatn, skal det søkast om løyve til dette.

Med søknad skal det ligge føre tinglyste retter (rett til å legge leidning over annan mannsgrunn, samt rett til å knytte seg på privat leidningsnett).

Før ei eventuell tilknytingssøknad kan handsamast, skal det ligge føre løyve til utslepp.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Arne Helgesen

Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad

Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og bygesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG